



Det kgl. Kommunal- og Regionaldept.

Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

Gaupne, 17.12.2004

Arkivsak: 04/03293

Arkiv nr.: 020// &13

Sakshands.: Torodd Urnes

MELDING OM VEDTAK
HØYRING PÅ DISTRIKTSKOMMISSJONEN SI UTGREIING.
"LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER".

Vi viser til Dykkar brev dat. 14.10.04.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 16.12.2004, sak 0099/04:

Luster Kommunestyre vedtek følgjande fråsegn om NOU 2004:19, innstillinga frå den såkalla Distriktskommisjon:

1. Luster Kommunestyre har tidlegare vedteke ei fråsegn som er skeptisk til innføring av nye større regionar. Luster Kommunestyre meiner at slike regionar vil føre med seg meir byråkrati, større ulikskap og meir sentralisering innafor det geografisk område som vert definert som region. Distriktskommisjonen si innstilling gjer framlegg om oppretting av slike regionar, noko Luster kommunestyre ikkje vil seie seg samd i. Distriktskommisjonen argumenterer for at regionar er naudsynte for å oppnå meir vekst, Luster Kommunestyre er av den oppfatning at meir sentralisering og større ulikskap *ikkje* er ein føresetnad for auka økonomisk vekst. Tvert om meiner Luster Kommunestyre at ein politikk for auka vekst ikkje bør svekkje nasjonale målsettingar om likeverdige tenestetilbod og levevilkår uavhengig av kor ein bur i landet.
2. Distriktskommisjonen gjer òg framlegg om ein modell bygd på regionkommunar, det vil seie ein ny kommune bygd på felles arbeidsmarknad for fleire primærkommunar. Ein slik ny kommune i vårt distrikt vil ha omlag same geografiske nedslagsfelt som Sogn Regionråd har i dag. Regionkommunane skal ha eige folkevalt organ og eige inntektsgrunnlag i form av skattar og rammeoverføring frå staten.
Primærkommunane vil ha omlag same rolle og oppgåver som i dag. Luster Kommunestyre meiner dette er ein interessant styringsmodell, ikkje minst av di slike regionkommunar kan kombinerast med den kommunestruktur vi har i dag. Luster Kommunestyre vil likevel ikkje støtte framlegg om eige politisk representasjon og eige inntektsgrunnlag for slike regionkommunar, men meiner at ein i staden bør satse på å utvikle regionråd med styrkja indirekte politisk representasjon som vert finansiert frå medlemskommunane. Vedtak i slike regionråd kan gjerast meir politisk forpliktande for medlemskommunane om den indirekte politiske representasjon vert styrkja. Luster Kommunestyre stillar seg ope til om ein slik ny regionkommune bør

KOMM. OG REG. DEP	
04 21 DES 2004	
0412991-22	
Ark	013
Avd.	RA ISSA1 MÆ

ADRESSE:
Rådhuset
6868 GAUPNE

TELEFON:
Sentralbord:
57 68 55 00

TELEFAX
57 68 55 01

E-POST ADRESSE:
postmottak@luster.kommune.no

ORGANISASJONSNR.
964 968 241
Bankgiro:
3785.07.00142

avgjere kva for oppgåver dei vil samarbeide om.

3. Luster Kommunestyre er samd med Distriktskommisjonen i at støtteordningane innafor EU og EØS sitt reglement bør utnyttast meir offensivt enn det som er tilfelle i dag. Etter at den differensierte arbeidsgjevaravgifta vart fjerna bør ein arbeide for meir direkte støtteordningar til distrikta som kompenserer for bortfallet av føremona med lægre arbeidsgjevaravgift.
4. Luster Kommunestyre vil slutte seg til Distriktskommisjonen si målsetting om særleg å satse på attraktive bu- og arbeidstilhøve for kvinner i distrikta.
5. Luster Kommunestyre meiner at Fylkesmannen sine oppgåver stort sett bør vere slik dei er i dag av omsyn til dei nasjonale målsettingar som gjeld for dei politikkområda som Fylkesmannen har tilsyn- og kontrollansvar for. Fylkesmannen er òg ein uavhengig appellinstans for borgarane, han er borgarane sin talsmann og advokat ovanfor andre offentlege organ. Desse oppgåvene bør framleis takast vare på av ein uavhengig, statleg instans som er organisert på eit geografisk område som svarar til dei fylka vi har i dag.
6. Distriktskommisjonen gjer framlegg om å opprette større regionar for å oppnå meir spreiding av makt i samfunnet. Luster Kommunestyre vil hevde at det beste verkemiddel for å oppnå spreiding av makt ikkje er større regionar men å oppretthalde den kommunestruktur vi har i dag så langt råd er.
7. Luster Kommunestyre sluttar seg til Distriktskommisjonen sitt framlegg om å gjere det enklare å starte opp foredling og omsetting av lokale råvarer innafor landbruket.
8. Dersom produksjonstilskota for landbruket vert redusert ser Luster Kommunestyre det som viktig at det samla aktivitetsnivået i distrikta vert halde oppe ved å auke innsatsen for generelle tiltak som til dømes bygdeutvikling.
9. Luster kommunestyre sluttar seg til eit mindretal i Distriktskommisjonen som påpeiker at rovdyrpolitikken må ta vare på bygdene si trong for å utnytte lokale utmarksressursar.
10. Luster kommunestyre sluttar seg til Distriktskommisjonen sitt krav om at inntektene frå vasskraftproduksjon òg i framtida bør kome det dei kommunane til gode som har desse ressursane innafor sine grenser.
11. Luster kommunestyre støtter Distriktskommisjonen sitt krav om at etablering av *ny* statleg verksemd som hovudregel skal leggjast utanfor hovudstadsområdet. Vidare er Luster Kommunestyre samd med Distriktskommisjonen i at arbeidet med å flytte statlege arbeidsplassar ut frå hovudstatsområdet bør halde fram og intensiverast.

Med helsing

Torodd Urnes
Torodd Urnes
ordfører

Kopi: KS sentralt, KS – Sogn og Fjordane, Kommunane i Sogn og Fjordane (e-post)

Distriktskommisjonens innstilling

Livskraftige distrikter og regioner

Rammer for en helhetlig og geografisk tilpasset politikk

v/Johan Petter Bærlindhaug
Leder av Distriktskommisjonen

Distriktskommisjonens innstilling

Innstillingen

- o Utgangspunktet (kap. 2)
 - Sprik mellom mål og virkelighet
 - Verdiskapingspotensial som ikke utløses
 - Mangel på helhetsperspektiv
- o Drøfting av utgangspunktet (kap. 3-5)
- o Veivalg (kap. 6)
- o Konklusjoner og anbefalinger (kap. 7)

Mandat (7. februar 2003)

- o Vurdere "bred" og "smal" statlig politikk
- o Drøfte mål, verdigrunnlag og problemforståelse
- o Foreslå innretning av den fremtidige regional- og distriktpolitikken
- o Legge grunnlag for bred politisk forankring
- o Bygge på Effektutvalgets innstilling (NOU 2004:2)

Distriktskommisjonens innstilling

Problemforståelse I

- o Endringene i bosettingsmønsteret skyldes
 - tunge strukturendringer i økonomi og samfunn
 - en politikk som forsterker disse strukturendringene
- o Utfordring
 - politikk innrettet mot økt verdiskaping
 - endring, innovasjon, konkurransekraft
 - politikk som tar utgangspunkt i at ressursene, også de menneskelige, har en gitt lokalisering
 - Skape sterke regionale nærings- og kompetansesmiljøer
 - bygd på regionenes egne forutsetninger
- o En politikk for utvikling må være helhetlig
 - Den brede politikken betyr mest, men
 - blir stadig mindre utnyttet politisk
 - bl.a. som følge av enktororganisering

Distriktskommisjonens innstilling

Problemforståelse II

- o Det finnes betydelig handlingsrom for å endre kurs
 - I den brede politikken står vi stort sett fritt
 - I den smale og næringsrettede politikken har vi stort ubenyttet handlingsrom
- o Spørsmålet er om det finnes politisk vilje til å
 - føre en målrettet distrikts- og regionalpolitikk
 - utforme en næringspolitikk som er regionalt forankret
 - ta grep selv om det finnes dilemmaer

Distriktskomiteens innstilling

Overordnede strategier

- o Politikk for å møte endring
- o Vekt på den brede politikken
- o Desentralisering av makt til folkevalgte organer
- o Utnytte handlingsrommet i den smale distriktpolitikken

Distriktskomiteens innstilling

Visjon

Videreutvikle **attraktive og livskraftige lokalsamfunn** gjennom et **aktivt og konkurransedyktig næringsliv** og **likeverdige tjenestetilbud** i hele landet, med sikte på å opprettholde **hovedtrekkene i bosettingsmønsteret**

Distriktskomiteens innstilling

To politikkområder

- **Regionalpolitikken** med fokus på
 - o å gjøre landets verdiskapning størst mulig
 - o å styrke samspillet mellom sentrum og distrikt
 - o territoriell samordning av bl.a. statlig sektorpolitikk
- **Distriktpolitikken** som skal
 - o kompensere for geografiske veksthindringer
 - o stimulere lokal tiltakslyst

Distriktskomiteens innstilling

Krav til styringssystemet

- Forvaltningen på lokalt og regionalt nivå må ha tilstrekkelig makt og legitimitet
 - til å gjøre regionale prioriteringer ut fra helhetlige strategier
 - inngå i forpliktende partnerskap
- Territorieell samordning av den "regionale stat" er nødvendig for regional vekst og verdiskapning
- Staten må ha det overordnede ansvaret, ved å
 - fastlegge distrikts- og regionalpolitiske målsetninger for sektorpolitikken
 - ivareta hensynet til helheten
 - sikre forutsigbare rammebetingelser
- Valget står i realiteten mellom
 - statlige regioner basert på enhetlige grenser og sterkere samordning
 - et styrket folkevalgt regionalt nivå

Distriktskomisjonens innstilling

Oppgaver for regionalt folkevalgt nivå

- Infrastruktur og samferdsel
- Utdanning og forskning
- Næringsutvikling
- Kultur og idrett
- Kommuneoverskridende areal- og ressursforvaltning
- Mindre deler av helse, miljø, fiskeri, landbruk, a-etat

Distriktskomisjonens innstilling

Fremtidig forvaltningssystem

3-nivå modell (12 medl.)

- Dagens fylkeskommuner erstattes med sterke folkevalgte regioner
- Dagens fylkesmannsembeter rendyrkes som tilsyns- og kontrollorgan
- Modellen har størst legitimitet og er mest prioriterings- og kostnadseffektiv

2-nivå modell (3 medl.)

- Dagens fylkeskommuner avvikles
- Dagens fylkesmannsembeter erstattes med en ny regional struktur som f.eks. kan ledes av en politisk oppnevnt "guvernør"

Distriktskomisjonens innstilling

Oppgaver på kommunalt nivå

- Fortsatt generalistkommuner
- Utvidede oppgaver innenfor bl.a.
- Næringsutvikling
 - Stedsutvikling
 - Arealbruk

Distriktskomisjonens innstilling

Samspill mellom nivåene

- Helhetlige og fokuserte regionale plandokumenter som viktige premisser i den statlige planleggingen
- Statlige rammer – gjennom lovgivning, økonomi og styringssignaler – som sikrer at nasjonale hensyn ivaretas
- Dialog, forhandlinger og forpliktende avtaler mellom statlig og regionalt nivå
- Nye samarbeidsformer mellom region og kommune
- Partnerskap mellom region, kommune, statlige og private aktører
- Trepartersforhandlinger mellom stat, region og Sameting

Distriktskomisjonens innstilling

Fra fiskeripolitikk til kystutvikling

- Større vekt på verdiskapning ved
 - Økt markedsorientering i alle ledd
 - Økt vekt på landbasert virksomhet
- Nye forvaltnings- og avtaleformer?
 - Regionale kvoter?
 - Ressursrente?
 - Nye avtaler mellom fartøy og landanlegg?

Distriktskomisjonens innstilling

Fra landbrukspolitikk til bygdeutvikling

- Internasjonale avtaler gir nye rammebetingelser
- Kan deler av landbruksoverføringene benyttes på en annen måte - f.eks. til
 - Grønn sektor?
 - Landbruksbasert bygdeutvikling?
 - Næringsnøytral bygdeutvikling?
- Bygdeutviklingsmidler – forvaltes regionalt?

Distriktskomisjonens innstilling

En planlov for økt trivsel og økt verdiskapning

- **Vern gjennom fornuftig bruk** som forvaltningsprinsipp
- En planlov som åpner for regional differensiering, slik at
 - Oslofjordens krav ikke styrer resten av landet
 - forvaltningsmyndighet legges til underliggende nivåer

Distriktskomisjonens innstilling

Verdiskapning basert på fortrinn

Forslag innenfor:

- o Andre viktige distriktsnæringer
 - Relseliv
 - Industri
 - Energi
 - Petroleum
- o Innovasjon og nyskapning
 - Entreprenørskapskultur
 - Utdanning og forskning
 - Kapitaltilgang

Distriktskommisjonens innstilling

Attraktive og livskraftige lokalsamfunn

- o Samsvar mellom kommunale oppgaver og kommunenes økonomiske ressurser
- o Rammefinansiering som bærende prinsipp
- o Et inntektssystem som tar hensyn til geografiske forskjeller
- o Kommunal tilrettelegging for
 - enkeltindividets utfoldelse og skapertrang
 - menns og kvinners ulike behov/ønsker

Distriktskommisjonens innstilling

Geografiske satsinger

Forslag innenfor:

- o Lokalisering av statlige arbeidsplasser
- o Samferdsel og infrastruktur
- o Geografisk differensierte virkemidler
 - større satsing på den smale distriktpolitikken
 - gjeninnføring av differensiert arbeidsgiveravgift?
 - bruk av "tiltakssone-virkemidler" der det er behov?
- o Samiske områder

Distriktskommisjonens innstilling

Veien videre

- o DK's innstilling
 - En ny etappe i en mangeårig prosess
 - Et vekslingsfelt til det som bør bli avslutnings-etappen på debatten om styringsstrukturen
 - Gir ikke de detaljerte svarene, men er tydelig på hovedretningen
- o Det er behov for raske avklaringer for å komme ut av den negative spiralen
- o Det politiske reformtrykket bør mobiliseres nedenfra

Distriktskommisjonens innstilling

Innleiing til fråsegn om distriktskommisjonen si innstilling

Luster kommunestyre sette 18 november ned eit utval som skulle gje ei fråsegn om Distriktskommisjonen si innstilling. Medlemer i utvalet, Morten Simonsen Ap(leiar), Geir Paulsen Sp og Ole Martin Bakken Krf. Utvalet legg fram si innstilling den 6 desember 2004. Innstillinga vert handsama i kommunestyret den 16 desember 2004. Her er ei kort innleiing til utvalet si framlegg til fråsegn.

Distriktskommisjonen sitt utgangspunkt er at den norske distriktpolitikken ikkje oppfyller dei mål som er sett for han. Distriktpolitikken inneheld to hovudelement: Den smale distriktpolitikken som er dei direkte tiltak som vert sett inn for å påverke tilhøva i det vi kallar distrikta. Den smale distriktpolitikken er dei midlane som vert avsett direkte over statsbudsjettet til å oppfylle det vi kallar distriktpolitiske målsettingar. Desse midla vert forvalta av Kommunal- og Regionaldepartementet.

Det andre hovudelementet er den breie distriktpolitikken. Han inneheld dei indirekte verknadene for distrikta av ulike former for politikk som skal oppfylle andre målsettingar enn dei distriktpolitiske. Slike områder for politikk kan til dømes vere kommuneøkonomi, samferdsel eller miljøpolitikk. Ein finn òg distriktpolitiske grunngevingar for val av politikk innafor desse områda, men denne grunngevinga er ikkje hovudomsynet for den politikken som vert ført. Vi talar i denne samanheng gjerne om sektorpolitikk. Med dette meiner vi at delar av statsapparatet er organisert for å føre ein politikk for å oppfylle målsettingar for ulike sektorar. Samstundes har delar av denne politikken òg ei distriktpolitisk grunngeving og distriktpolitiske verknader.

Problemet er at den breie distriktpolitikken stadig får meir å seie enn den smale samstundes som effektane av den breie distriktpolitikken fører til meir sentralisering. På denne bakgrunn kan det sjå ut som den norske distriktpolitikken ikkje fungerer og at han såleis bør avskaffast eller erstattast av noko anna. Folketalet i distrikta går stadig nedover trass i at ein brukar meir pengar enn før på å unngå det. Spørsmålet vert såleis: Treng Noreg ein ny distriktpolitikk? Eller sagt på ein annan måte: Korleis skal vi organisere dei norske distrikta i framtida?

Distriktskommisjonen er særleg oppteken av spørsmålet om ei omorganisering av styringssystemet i Noreg kan føre til meir vekst i det vi kallar for distrikta. Med styringssystem meiner vi tilhøvet mellom stat, primærkommunar og eventuelle mellomnivå. Med primærkommunar meiner vi det vi til vanleg omtalar som kommunar, det vil seie det lägste nivå i styringskjeda. Luster kommune er ein primærkommune. Med mellomnivå meiner vi eit sjølvstendig institusjonelt nivå mellom stat og primærkommunar, det vil seie politiske institusjonar med eige inntektsgrunnlag og eige politisk representasjon. Det er fylkeskommunen som idag utgjer mellomnivået. Fylkeskommunen fekk eige skattegrunnlag i og med inføring av direkte val til fylkeskommunen i 1977. Det er eit overordna prinsipp i organisering av den norske stat at dersom eit nivå har eige skatteinnkreving må det òg vere ei form for politisk representasjon på dette nivået. Ingen skal skattleggjast utan høve til å påverke dei institusjonane som skriv ut skatten.

Styringssystemet vi har i dag er ikkje tilpassa dei distriktpolitiske målsettingar slik fleirtalet av kommisjonen sine medlemmer ser det. Kommisjonen legg såleis vekt på å analysere ulike modellar for alternativ organisering av styringssystemet. Dei presenterer seks ulike modellar for styringssystemet i Noreg. Ein av

modellane er den vi har idag. Fire av dei har eit mellomnivå, eit sjølvstendig institusjonelt nivå mellom stat og kommune. To av modellane har berre to nivå, stat og kommune. Fleire av modellane har større primærkommunar som vilkår. Distriktskommisjonen sitt fleirtal går inn for å innføre større regionar i Noreg som eit verkemiddel for å få større vekst i distrikta og halde folketalet oppe på regionnivå. Ein kan seie at i kommisjonen si innstilling vert distriktpolitikk ein del av ein større regionalpolitikk.

Ei fråsegn om Distriktskommisjonen si innstilling må ta stilling til desse modellane og seie noko om korleis ein meiner det framtidige styringssystemet i Noreg skal sjå ut. Luster kommunestyre har tidlegare sagt nei til større regionar som ei alternativ styringsform. Dermed har Luster kommunestyre utelukka ein av dei seks modellane som vert presentert. Innstillinga frå utvalet som Luster kommunestyre har sett ned freistar å seie noko om alternative styringsmodellar. Det viktigaste omsyn for utvalet har vore å ta vare på den kommunestrukturen vi har i dag så langt råd er. Med dette meiner utvalet at det finst grenser for kor desentral ein kommunestruktur skal vere, men at denne grensa ikkje er nådd for Luster kommune sitt vedkomande. Omsynet til å ta vare på Luster kommune som ein sjølvstendig kommune har såleis vore ei overordna omsyn for utvalet. Utvalet vil i tillegg til si fråsegn og gje eit oversyn over dei andre styringsmodellane som Distriktskommisjonen drøfter og dei kriteria som kommisjonen har nytta i denne drøftinga.

Distriktskommisjon - Ulike styringsmodellar

Tre nivå

To nivå

Kriterie for inndeling	Fylkeskommuner som idag	Regionkommunar	Større folkevalde regionar	Større folkevalde regionar - indirekte representasjon	Fleksible strukturar	Finsk modell
Oppgaver	<p>Som idag:</p> <ul style="list-style-type: none"> • samferdsel, utviklingsoppgåver, vidaregåande opplæring, kultur 	<ul style="list-style-type: none"> • Vidaregåande opplæring, miljø, arealplanlegging, kultur, regional utvikling 	<ul style="list-style-type: none"> • nærings- og kompetansemiljø, forskning, klyngeutvikling (klynge=bedrifter med same marknad), heilskapleg arealplanlegging, riksveger, kollektivtrafikk, utviklingsarbeid, bygdeutvikling, forebyggjande folkehelse, miljø, ressursforvaltning, fiskeri, landbruk og aetat (arbeidsmarknadsstaten) 	<p>Som førre</p>	<ul style="list-style-type: none"> • fylkeskommunale oppgåver overført til større kommunar og stat 	<p>Fylkeskommunale oppgåver overført til interkommunale foretak og samarbeidsprogram stat/primærkommunene</p>
Demokrati (folkevalt, direkte eller indirekte representasjon)	<ul style="list-style-type: none"> • eige folkevalt nivå • direkte val 	<ul style="list-style-type: none"> • felles arbeidsmarknad som region, eige folkevalt nivå • direkte val fylkeskommune nedlagd • primærkommunar som idag 	<ul style="list-style-type: none"> • eige folkevalt nivå • indirekte representasjon, valde medlem frå primærkommunane eller stat 	<ul style="list-style-type: none"> • ikkje noko eige folkevalt mellomnivå • stykkprisindefinisjonen • auka konkurranse mellom kommunane • ingen standard for utforming, fleksibel tilpassing 	<ul style="list-style-type: none"> • ikkje noko eige folkevalt mellomnivå • Samarbeid mellom kommunar på interkommunalt nivå, tidels pålagd. 	

Kriterie for inndeling	Fylkeskommuner som idag	Regionkommunar	Større folkevalde regionar	Større folkevalde regionar - indirekte representasjon	Flexibile strukturar	Finsk modell
Inntektsgrunnlag	<ul style="list-style-type: none"> eige skattegrunnlag statleg rammefinansiering 	<ul style="list-style-type: none"> eige budsjettansvar medlemsavgift eller eige skattegrunnlag statleg rammefinansiering 	<ul style="list-style-type: none"> eige skattegrunnlag statleg rammefinansiering ressursskatt, grunnrente 	<ul style="list-style-type: none"> ikkje eige skattegrunnlag finansiert frå primærkommunar eller stat 	<ul style="list-style-type: none"> stykkprisfinansiering 	Kommunal medlemsavgift, statleg medfinansiering
Konsekvensar primærkommunar	Omlag som i dag	Kommunestruktur omlag som i dag	Større primærkommunar	Større primærkommunar	Større konkurranse mellom større kommunar	Større kommunar som kan inngå i interkommunale samarbeidsprosjekt.
Nærleik	<ul style="list-style-type: none"> Eit mellomnivå med vekt på nærleik kort avstand til primærkommunar 	<ul style="list-style-type: none"> Større nærleik enn fylkeskommunar, mindre avstand til primærkommunar 	<ul style="list-style-type: none"> Større avstand til primærkommunar, mindre nærleik Større styringskapasitet kompenserer for mindre nærleik 	<ul style="list-style-type: none"> Større avstand og mindre legitimitet sidan det ikkje finst direkte folkeleg representasjon 	<ul style="list-style-type: none"> Større kommunar, mindre nærleik til offentlege styringsorgan men meir individuell påverknad for borgarane til dømes gjennom større konkurranse og stykkprisfinansiering 	Interkommunale prosjekt utanfor direkte politisk styring, nærleik kan variere frå sak til sak.
Territoriell samordning	<ul style="list-style-type: none"> sektorpolitikken vert overordna mellomivået ikkje noko overordna ansvar for territoriell samordning 	<ul style="list-style-type: none"> territoriell samordning problematisk for funksjonar som grip utover regionnivået landsutval (t.d. Vestlandsrådet) kan påverke samordning og påverknad av statleg politikk på områder som grip utover regionnivå 	<ul style="list-style-type: none"> Samle fleire oppgaver på eit politisk mellomnivå betre samordning 	<ul style="list-style-type: none"> Samle fleire oppgaver på mellomnivå, meir avhengig av kommunarpga manglande sjølvstendig politisk grunnlag 	<ul style="list-style-type: none"> Sterkare statleg sentralstyring, kan føre til meir sektorisering dersom ikkje geografisk styring vert eige politisk område meir påverknad frå borgarane kan redusere sektorisering 	Samarbeidsprosjekt organisert rundt sektoroppgåver, kan føre til meir sektorisering og fragmentering av politisk styring.

Kriterie for inndeling	Fylkeskommuner som idag	Regionkommunar	Større folkevalde regionar	Større folkevalde regionar - indirekte representasjon	Fleksible strukturar	Finsk modell
Brukarmedverknad	Som idag. Tingarrolle ovanfor Innovasjon Noreg kan auke påverknad frå brukarane av denne institusjonen	Som idag, inga utvida brukarpåverknad.	<ul style="list-style-type: none"> Partnarskap mellom brukarar, stat og region. 	Som førre	Større brukarmedverknad gjennom stykkprisfinansiering og utvida bruk av marknad og konkurranse	Brukarmedverknad gjennom primærkommunar.
Fristilling av statlege føretak (t.d. helseføretak)	Fristilling er problematisk av di sentrale politikkområde (helse, samferdsel) vert unndrege politisk styring. Mellomnivå svekkja med den fristillinga vi har idag.	Regionkommunar kan vere for små til å forhandle med fristilte statlege organ, nedste politiske nivå kan verte svekkja	Større regionar kan bli store nok til å forhandle med fristilte føretak. Kan gjennomførast med den fristilling vi har idag.	Som førre	Fristilling ei føremon, men fristilte føretak bør verta bygd på stykkprisfinansiering.	Fristilling problematisk, kan svekkje nivået for samarbeid mellom stat og kommune og såleis svekkje kommunane.

Verdsbilete i Distriktskommisjonen si innstilling

1. Situasjonen i dag

- Distriktpolitikken fungerer ikkje. Folketalet aukar i storbyane og minkar i distrikta.
- Arbeidsplassar vert borte i distrikta.
- Vi treng større økonomisk vekst for å halde oppe folketalet og skape arbeidsplassar i distrikta.

2. Årsaker

- Globalisering, ein stadig meir internasjonal økonomi.
- Press frå lavkostland mot industriell produksjon som særleg går føre seg i distrikta.
- Press mot landbruket frå avtaler inngått i WTO (verda sin organisasjon for handel).

3. Løysingar

- Sterkare økonomisk vekst i distrikta.
- Utnytte regional ulikskap.
- Omorganisere styringssystemet i retning av eit regionalt mellomnivå med vekt på å utnytte særlege regionale vilkår for økonomisk vekst.

4. Problem

- Er større regional ulikskap ein føresetnad for større regional økonomisk vekst?
- Kva er konsekvensane for nasjonale målsettingar om utjamning og fordeling av levevilkår og offentleg tenesteyting?
- Kva er konsekvensane for den kommunestrukturen vi har i dag?
- Vert den politiske styringa av samfunnet styrkja eller svekkja?
- Får innbyggjarane i Noreg meir eller mindre sjanse til å påverke politisk styring ved ei omorganisering i retning av større regionar?